



Framstilling med forbøn

1. Ansatte i lokalkyrkjelyden som ikkje er vigsla og alle som vert valde til kyrkjelege råd i lokalkyrkjelyden, vert framstilt for kyrkjelyden.

Personar med andre tenester kan framstillast etter avtale med soknepresten.

2. Presten i kyrkjelyden eller leiaren i soknerådet leier til vanleg framstillinga ved ei hovudgudsteneste i den kyrkja som er mest lagleg ved dette høvet.
3. Etter hovudgudstenesta sitt ledd 16 | **Kunngjeringar** går den som skal framstillast, fram til lesepulten, og tilsetjing, stilling, val eller særskild teneste vert kunngjort.

Den som vert framstilt, og presten/leiaren i soknerådet vert på førehand samde om ordlyden i det som skal lesast opp.

4. Forbøna vert lagd til lesepulten eller altaret, som ei eiga bøn eller som eit tillegg på ein høveleg stad i ei av dei vanlege forbønene i hovudgudstenesta.

Medan kyrkjelyden bed, kan den som vert framstilt stå i koret eller sitja på plassen sin eller knela på altarringen.